

Eidsdal Kraft AS
6215 Eidsdal

tlf 70258480
mobil 91826868
Fax 70258481
epost: egil@bergemaskin.no

Eidsdal . **24.01.2011.**

Til Olje og Energidepartementet
Einar Gerhardsens plass 1,
Postboks 8148 Dep,
033 OSLO.

Høyringsuttale – Lov om elsertifikater

Eidsdal Kraft AS er glad for at elsertifikat no ser ut til å kome på plass, og meiner at dette vil bidra til utbygging av meir fornybar kraftproduksjon slik intensjonen er. Vi vil i denne samanheng minne om dei oppfordringar og lovnader eit samla storting kom med i 2004. desse lovnadane har ført til at det etter 01.01.2004 er bygt over 180 kraftverk som produserer 2 TWh rein fornybar energi, som pressar prisen ned. Eidsdal Kraft AS er eit av desse verka.

For å grunngje vår uttale, tek vi med litt historikk:

19.12.2003

St.meld.nr. 9 (2002-2003) Stortinget bad regjeringa ta initiativ til felles norsk-svensk grønt sertifikatmarked, leggje fram konkret forslag seinast våren 2004.

14.05.2004

St.meld nr. 18 (2003-2004) : Innstilling frå energikomiteen om forsyningssikkerheten for strøm mv.

Grøne sertifikater: Side 13: -skal tre i kraft **frå 1. januar 2006** - - avgjørende viktig at investering i ny fornybar energi ikke stopper opp, viser til pressemelding frå Steensnæs og sluttar seg til den:

”Jeg vil understreke at de som bygger ut kraftproduksjon ikke skal tape på det ved en innføring av et marked for grønne sertifikater. Sertifikatberettigede anlegg for elektrisitetsproduksjon med byggestart etter 1. januar 2004 vil ha mulighet til å delta i et system for grønne sertifikater, selv om et slikt system måtte bli etablert etter dette tidspunkt”.

AP SV og SP hadde i tillegg eit eige forslag om at sertifikatordninga måtte innførast eitt år før.

Sitat frå komiteinstillinga:

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet har merket seg den usikkerheten som har oppstått ved at Regjeringen har utsatt innføringen av et grønt sertifikatmarked til 2006. Disse medlemmer viser til at et flertall på Stortinget flere ganger har understreket viktigheten av å få innført et pliktig grønt sertifikatmarked for ny fornybar energi, og mener at det bør innføres tidligere enn 1. januar 2006.

Disse medlemmer mener dette bør kunne iverksettes, om mulig ett år tidligere, fra 1. januar 2005.

Disse medlemmer foreslår:

"Stortinget ber Regjeringen legge frem det nødvendige lovforslag om innføring av et pliktig norsk-svensk sertifikatmarked så snart som mulig. Alle anlegg med byggestart etter 2004 og som kvalifiserer for det, må kunne omfattes av ordningen." Sitat slutt.

24.11.2004

Utkast til lov om pliktige elsertifikat på høyring. Høyringsfrist 01.02.2005.(For byggestart 01.01.2004).

21.02.2005

Høyringsuttalelser elsertifikater.

13.05.2005

Elsertifikater norske og svenske utredninger.

Hausten 2005

Ny regjering. Same partia som ville framskunde innføring av sertifikata.

27.02.2006

Brot med svenskane. For dyrt. Stoltenberg anslo kostnad pr husstand til 5000 kr pr. år., men ingen utrekning framlagt for stadfesting. **Vil satse på Enova. Gir like mye fornybar energi til lavere kostnad? ?**

11.06.2006

Varsel om **feed-in-ordning** i budsjettet.

24.11.2006 St.meld.nr.11(2006 2007)

Budsjett **feed-in vasskraft**: Overgangsordning: " *I forbindelse med forberedelsene til et felles svensk-norsk elsertifikatmarked ble det etablert overgangsordninger for vannkraft og vindkraft. For vannkraften ble det slått fast at anlegg med byggestart etter 1. januar 2004 ville få ta del i elsertifikatmarkedet dersom de ellers var kvalifisert. Tilsvarende bestemmelse ble gjort for vindkraften under forutsetning av at de betalte tilbake tilskudd fra Enova som de hadde mottatt i perioden. Bakgrunnen for overgangsordningene var at det ikke var ønskelig at aktiviteten stoppet opp i påvente av et elsertifikatmarked.*

-- *Olje og energidepartementet legger opp til at overgangsordningen for alle teknologier står ved lag --*.

07.12.2007

Feed ut. Nye samtaler med Sverige om grøne sertifikat til fornybar energi .

03.03.2008

Statssekretær Guri Størvold: Stadfestar i mail til Egil Berge at **ordninga med tilbakevirkande kraft, slik det er vedteke i Olje og energikomiteen i St.meld.nr. 18 (2003-2004), står fast.**

07.09.2009 Like før stortingsvalet

Enig med svenskane om prinsippa for eit felles sertifikatmarked frå 01.01.2012.

26.11.2009 Etter valet

SVIKET Overgangsordning som ekskluderer kraftverk over 1 MW.

–"Jeg er opptatt av å sikre fortsatt bygging av fornybar energi, fram til et felles elsertifikatmarked med Sverige er etablert. Forutsigbarhet for kraftselskap og grunneiere er viktig, og overgangsordningen som i dag presenteres bidrar til det", sier olje- og energiminister Terje Riis-Johansen.

Men i praksis er overgangsordningen han legg fram det motsette av forutsigbarhet.

Over 180 kraftverk

som har bygt etter oppfordring frå og i god tiltru til storting og regjering,
som har vore føregangsprosjekt,
som har lagt grunnlaget for ein stor leverandørindustri med mange arbeidsplassar,
som har drive med distriktsutbygging,
som har skaffa 2 TWh ny rein vasskraft, som har pressa prisen ned med 1 øre/kWh til forbrukar,
som har i mange høve fått slite med dårleg økonomi etter mange skatteskjerpingar,
som har sett gard og grunn i pant for store lån,
som har sett inn stor eigeninnsats,
som har fått skryt frå regjeringa for å skaffe rein fornybar energi,
som har blitt brukt som skrytegrunnlag av regjeringa for utbygt fornybar energi,
dei skal no straffast økonomisk og haldast for narr.

Ikkje rart at pressa skriv om politikarforakt. Mange og store presseoppslag vinteren 2009-2010.

Protestar frå mange hald, politiske vedtak i fylka som støttar dei svikta utbyggjarane. Kan nemne fylkesutvalet i Hordaland, fylkesårsmøtet i SP i Møre og Romsdal og fylkesstyret i AP Møre og Romsdal.

25.03.2010 Småkraftforeininga reknar ut at kraftprisen truleg vert redusert like mykje som grøne sertifikat kostar forbrukarane, det same viser rapport frå Torstein Bye NVE i 2002.

Mai 2010

Opposisjonen er bekymra for satsing på fornybar energi og for politikarforakt og stiller

Dokument nr. 8 :91 S (2009-2010) forslag:

"Stortinget ber regjeringa sikre at alle anlegg med byggestart fra og med 1. januar 2004, og som er kvalifisert for grønne sertifikater fra 2012, inkluderes i overgangsordningen".

21.05.2010 intervju i Nationen

Aps Torstein Rudihagen sier at det ville vært for dyrt om alle småkraftverkene skulle fått være med i overgangsordningen for grønne sertifikater. Det var et kostnadsspørsmål, for dyrt for forbrukerne, grundig vurdert for departementet bestemte seg. **Men han har heller ikke tal eller reknestykke å legge fram.** Regjeringspartiene i energi og miljøkomiteen vil ikke gå for Dok 8 forslaget.

03.06.2010 Dok 8 nedstemt i Stortinget

Riis-Johansen forsvarte overgangsordninga med ”helhetlig vurdering”.

05.10.2010 Statsbudsjettet 2011 lagt fram

Fallrettsleige kan ikke trekkjast frå før Grunnrenteskatt på 30% for kraftverk over 5500 kVA.

Grunnrenteskatt 30% av elsertifikat for kraftverk over 5500 kVA.

I praksis betyr det at å bygge kraftverk mellom 5000kW og heilt opp til 10 000kW vert ulønnsamt.

08.12.2010 Norge og Sverige eninge om eit felles sertifikatmarked.

08.12.2012 Lov om elsertifikat ut på høyring, frist 01.02.2011.

Konsekvensar av utkast til lov om elsertifikat

Sertifikatpris til forbrukar vert, etter dei forutsetningar lovforslaget legg til grunn, frå 0,93 øre/kWh til 5,72 øre/kWh. **Påslag om alle med lovnad er med: 0,7 øre/kWh dei første åra av sertifikatperioden med utfasing etter 7 til 12 år.**

Dette vil gje eit meir robust og stabilt marked i startfasen, og det vert i tråd med overgangsordningar svenskane hadde, der dei også tok med ein del bygde kraftverk i startfasen av elsertifikata i Sverige.

I lovforslaget vert det også nemnt at det kan verte reduksjon av kraftpris som fylgje av meir kraft inn i marknaden. Ifylgje konsulentfirmaene Econ Pöyry og Thema Consulting Group, kan dette verte så mykje som **8 øre/kWh.** Om noko av dette slår til, vil også straumforbrukarane tene på elsertifikata også på kort sikt.

Dette stadfestar det Småkraftforeninga og rapport frå NVE har sagt tidlegare.

Argument om at elsertifikata vert for dyre for forbrukarane er hermed borte.

Dei kommunene som har krafverk i denne kategorien ,vil tape inntekter frå elsertifikata i form av skattar frå utbytte og fallrettsleige , samt skattar frå arbeidsplassar. Likeeins fylkeskommunen.

Staten vil tape grunnrenteskatt og selskapskatt.

For Eidsdal Kraft AS sitt vedkomande har vi i planfasen og finansieringsplanen rekna med at ei sterk oppfordring om rask utbygging, og eintydige skriftlege vedtak frå eit samla storting, var etterretteleg. Men den overgangsordninga som ligg inne i den lovtæksten som er utsendt på høyring, bryt med alle prinsipp om forutsigbarheit, pålitelegheit og ærlegdom.

At dette løftebrotet kjem frå dei øvste myndigheitene i Noreg er ikkje berre skuffande, det er skræmmande. Konsekvensen vert at dei verka som ikkje får elsertifikat, i staden får prisreduksjon på krafta dei sel, og dermed mindre inntekter og saman med etablerte og lønnsame kraftverk må dei betale elsertifikata.

Eidsdal Kraft lånte 57mill kr i Euro, vi hadde i 2008 eit urealisert valutatap på over 12 mill kr. I dag har vi høg straumpris og lav rente, men vi er svært følsame for svingingar i valuta og renter, i tillegg til pris og nedbørsmengde. Vi er i startfasen og vi har svært liten eigenkapital å støtte oss til.

Után elsertifikat går vi ei vanskeleg og usikker framtid i møte. Det var her stortinget ville støtte oss.

Vi bed på denne bakgrunn om at den utsendte lovtæksten i § 8 punkt a), b) og c) vert endra, slik at alle som har byggiestart etter 01.01.2004 vert med i overgangsordninga, slik Stortinget og to regjeringar har lova.

Vi vil også peike på det uheldige i at grunnrenteskatt på kraftverk med generator på over 5500 kVA, og også grunnrenteskatt på elsertifikat, gjer det ulønnsamt å bygge vasskraftverk mellom 5000 og 10000 kW effekt. Slike verk vert difor ikkje bygt. Med andre ord dårleg ressurs-utnytting. Med gjeldande skattelover kan vel ikkje elsertifikatorninga seiast å vere teknologi-nøytral heller, for slike kraftverk.

På grunn av skattereglane produserer vi 2-3 GWh mindre pr år enn vi kunne ha gjort !!

Med helsing

Eidsdal Kraft AS

Egil Berge

Dagleg leiar